

Til  
Det Kongelige Fiskeri- og Kystdepartement

Fra  
Fylkesnes Fisk  
Fylkesnesvegen 164  
5430 Bremnes

Høyringsinnspill av forskrift om nytt forvaltningsregime i Hardangerfjorden.

Vil med dette kome med innspill/merknad til forskrifta som er på høyring til 22.mars 2013 frå Fylkesnes Fisk.

Fylkesnes Fisk AS held til i Bømlo kommune og har i alt 3 konsesjonar for matfisk av laks og aure. Desse 3 MTB`ane er godkjent og blir drivne på 4 lokalitetar der 2 av dei er definert som innafor Hardanger og 2 er utafør Hardanger i både Bømlo, Fitjar og Kvinnherad kommune. Selskapet sysselset 10 årsverk i året fordelt på faste og deltid og i tillegg bidrar med ringverknader i lokalmiljøet for minst tilsvarande. Sjølv om me er av dei minste oppdrettsselskapa som er att produserer me om lag 20 millionar laksemåltid i året, er både medeigar og bidragsytar til resten av verdikjeda til havbruksnæringa.

Kommentar til høyringsutspillet om ei Hardangerfjordforskrift:

I kva for utsettsone kvar av lokalitetane våre ligg i, avgjer driftssyklusen. Innafor Hardanger er begge lokalitetar i same sone og det er dei også utafør Hardanger, slik vekslar drifta vår med utsett av fisk eine året innafor og andre året utafør. Sjølv om det er 4 lokalitetar blir det berre to motsette driftssoner.

Under brakklegging av lokalitetane (som er annakvart år) har me då all vår biomasse i motsett sone. For dei 3 MTB-løyva nyttar me kun 1,5 MTB i gjennomsnitt innafor Hardanger. Skulle forslaget om å dele opp konsernkvoten innafor og utafør Hardanger vil dette medføre til enda ein halvering av produksjonen innafor og ingen auke utafør. Konsekvensen av det blir fatalt for eit lite selskap som oss som får auka prod.kostnaden så monaleg at konkurransekrafta forsvinn. Me vil på det sterkaste anmode om å "frede" små selskap som oss fra å måtte skjære ned den beskjedne produksjonen som me har i dagens produksjonsregime om det skulle gå så langt at ei begrensing i dette området må til. Små selskap som oss har liten produksjons - fleksibilitet nok som det er i dag og får ikkje nytta kvoten når så mange andre reguleringar regulerer drifta.

**Pkt.5.7 Ikrafttreding**

Planleggingsfasen for drift av matfisk i sjø er lang. Det startar med planlegging og kjøp av rognmateriale som skal tilpassast den enkelte lokalitet/sone/ utfordringar . Dette tar omkring eit års tid i forkant av start settefiskproduksjon. Settefiskfasen går over 12-18 månader før sjøutsett og matfiskfasen tar fra 14-20 månadar i sjø. Til saman går det mellom 3,5 til 4 år fra du startar til du er utslakta, alt avhengig av dei biologiske forutsetningane. Toget er allereie gått for å endre på 2014-utsettet som vil bli utslakta i 2016. Neste tog er då 2015-utsettet som er absolutt tidlegaste utsett ein har tid å gjere noko med, sjølv då er me allereie komen til 2017 før ei evt.ikrafttreding kan skje.

## Rømming

Forskrifta peikar på rømming av laks som ei stor utfordring for Hardangerfjorden. Me kan ikkje seie oss einig i denne framstillinga. Sidan oppstarten av selskapet for 28 år sidan har me ikkje registrert ei rømming av fisk. For vår del som for andre "bønder" er det å halde buskapen innomhus det aller viktigaste. I alle år har det vore prioritet nr.1 og det har også lukkast. Det må samtidig poengterast avdi media har klart å skapt eit inntrykk av fisken vår sym inn og ut av merdane av eige forgodtbefinnande. Når slike påstandar blir kasta ut mange nok gonger så startar folk å tru på det, til liks med fleire andre graverande og ubegrunna påstandar.

## Lakselus

Forskrifta peikar på lakselus som ei stor hindring for ville bestandar av laks og sjøaure. Her kan me ikkje anna enn å konstatera fakta fra erfaringane våre sidan 1985. I starten vår var det lite og ingen oppdrettsaktivitet, likevel kunne lusetallet på oppdrettsfisken vere mykje høgare enn no for tida. Kvar kom lusa fra før i tida ? Hadde ikkje villaksen takla lakselusa før hadde den vore utdøydd for mange hundre år sidan. Det er mange årsaker til at bestanden av villaks svingar, både menneskeskapte og naturlege. Det blir for oss uforståeleg og lite samsvar med det verkelege liv å kaste ut påstandar, og så lage ei så dramatisk forskrift for ei heil næring. Hardangerfjordforskrifta tar her havbruksnæringa som skuld for svingingar i bestanden, sjølv om faktagrunnlaget knapt kunne vore tynnare. Myter, fordomar , politikk og makt har her gjort denne saka tragisk.

Forsking på samanhengen mellom bestandar av villaks og lakselus på oppdrettsfisk, seier tvert om at det er ingen samheng. Kanskeje det er på tide å la mytene om at oppdrettsfisken er rota til alt vondt la liggje ei stund, inntil skikkeleg forsking kan stadfeste noko som helst.

Bremnes 22.03.2013

Med Helsing  
Fylkesnes Fisk

Erik Fylkesnes

